

BØ KOMMUNE

«Sse_Navn»

Saksbeh.: «Sbr_Navn»
Innvalsnr.: «Sbr_Tlf»
Kontoradr.: «Sse_Adr»
Tlf. etaten: «Soa_Tlf» faks:«Soa_Fax»

Kommunal- og regionaldepartementet
Kommunalavdelinga
Postboks 8129 Dep.
0032 OSLO

ADMINISTRASJONSAVD.

Dato: 30.09.2008
Arkivnr.: K1-01
Vår ref.: 08/1580-5

Sak 08/1060

HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I VALLOVA OG KOMMUNELOVA

Vi viser til utsendt høyringsnotat av 27. juni 2008 om endringar i vallova og kommunelova.

Bø kommune i Telemark har hatt saka til behandling, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe, med medlemmer av politiske parti, som har utarbeidd fylgjande høyringsuttale:

Vallova §8-1 (3)

Bø kommune er samde i endringa i pkt. 3 i Vallova §8-1, der nytt klokkeslett blir sett til kl. 21.00 i staden for kl. 20.00.

Vallova §8-1 nytt fjerde ledd

Bø kommune meiner at 1. august må vera ein meir passende dato for "tidlegrøysting" for veljarar som ikkje kan røyste i den fastsette perioden for førehandsrøystinga. Dette grunngjev vi med at det i små kommunar er dårleg med bemanning i feriemånaden juli. Små kommunar har difor ikkje kapasitet til å ha valmedarbeidarar og mottak for førehandsrøysting klart i juli månad.

Ein slik beredskap vil og føre til auka kostnader for kommunen.

Det vil og vera vanskeleg å få vallistene og valkorta ferdige til 1. juli.

Den godkjende ordninga med brevrøyster vil i dei fleste tilfelle vera ei god ordning for dei som ikkje har høve til å røysta i perioden for førehandsrøysting her i landet, t.d. for utanlandsstudentar. Vi viser til Vallova §8-2 (3).

Vallova §9-2, andre ledd.

Bø kommune har ingen merknad til tillegget i Vallova §9-2. andre ledd som går på at vedtak om søndagsopne vallokale i kommunen dagen før den offisielle valdagen kan gjerast med tilslutning av så mange røyster som svarar til minst 1/3 av medlemmene i kommunestyret.

Vallova §9-3, andre ledd.

Bø kommune har ingen merknad til endringa i Vallova §9-3, andre ledd, der kommunestyret med tilslutning av så mange røyster som svarar til minst 1/3 av medlemmene i kommunestyret, får høve til å gjera om vedtak i valstyret om opningstida for vallokala, men likevel ikkje seinare enn kl. 21.00.

Vallova §9-9.

Bø kommune har ingen merknad til at valresultat og prognoser som er laga på grunnlag av undersøkingar gjort den dagen eller dei dagar valet går føre seg, ikkje kan offentliggjerst før kl. 21.00 på valdagen måndag. Dette blir og ei naturleg fylgje av ei eventuell endring i Vallova §9-3, andre ledd.

Vallova §10-1 (1) bokstav g.

Bø kommune har ingen merknad til endring av klokkeslettet i Vallova §10-1 (1), bokstav g frå kl. 20.00 til kl. 21.00 på valdagen, for godkjenning av førehandsrøystegjeving.

Vallova §15-10 – Ny paragraf.

Bø kommune har ingen merknad til ny paragraf 15-10, (1), (2) og (3) i Vallova om valobservasjon.

Vallova §15-11 – Ny paragraf.

Bø kommune har ingen merknad til ny paragraf 15-11 (1), (2), (3), (4) og (5) i Vallova om ”overtredelsesgebyr” for brot på Vallova §9-9. Bø kommune ser på denne nye lovregelen som svært viktig og ser med glede på at ein slik regel har kome. Media er alt for pågåande når det gjeld innhenting av valresultat og prognoser, samt offentleggjering av desse.

Kommunelova §39 b (1) og (2) – Ny paragraf. Lokale folkerøystingar.

Punkt 1: Bø kommune ser det som viktig at kommunestyret sjølve kan avgjera om det skal haldast rådgjevande lokale folkerøystingar.

Punkt 2: Bø kommune har ingen merknader til dette punktet.

Med helsing

Gunbjørg Miland
saksbehandlar